



Fredrik Jordal  
Radøyvegen 593  
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 19/2244 - 19/18514

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:  
19.12.2019

## Miljøsak gbnr 79/5, 14, 15, 18 Tjore Nedre - utslepp - trong for tilleggsopplysningar


Radøy kommune stadfestar å ha motteke din søknad om utsleppsløyve og søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett 19.11.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplan datert 18.11.2019 viser at slamavskiljar med leidningsnett er prosjektert plassert i eit område som i Kommuneplan for Radøy – revisjon 2019, er definert som friområde og at plassering er ut over byggjegrense mot sjø (stipla grå line.)



Det må av den grunn søkjast om dispensasjon frå arealformål friområde og byggjegrense mot sjø.

2. Søknaden er ikkje nabovarsla. Søknaden må supplerast med nabovarsling.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.  
Sakshandsamingsfrist for søknad om dispensasjon er 12 veker.

Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Silje Haukedal  
konst. leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Fredrik Jordal

Radøyvegen 593

5938

SÆBØVÅGEN